

## Kommentarar til «Europautgreiinga», NOU2012:2

Då me i **Bømlo Senterparti** bestemte oss for å gje oss i kast med ein høyringsuttale til NOU 2012:2 (Europautgreiinga), måtte me velja ut nokre få kapittel/delkapittel ettersom me er vanlege arbeidsfolk som har avgrensa tid til rådvelde og dermed ikkje kapasitet til å gå gjennom heile utgreiinga. Me har likevel sett gjennom meir enn dei kapitla me har i hovudfokus her og dessutan lese om hovud linene i rapporten i ymse media. På det grunnlaget har me danna oss eit inntrykk av rapporten som heilskap.

Bømlo Senterparti er nøgde med at det med NOU2012:2 føreligg ei evaluering av kva tilhøve Noreg har til EU, ikkje berre gjennom EØS- avtalen, men og ved andre avtalar me har gjort med EU.

Me skulle gjerne sett at det i Europautgreiinga vart gjort nokre tankar om kva alternativ me har til dei avtalane som eksisterer mellom Noreg og EU i dag. Forholdet vårt til EU er meir uoversikteleg og komplekst enn det me trudde før me tok fatt på NOU2012:2. Bør me halda fram i same spor som no eller finnest det betre måtar å organisera samarbeidet med EU på? Etter 18 år med EØS-avtalen meiner me det kunne vera på tide å vurdere i kva grad denne avtalen eigentleg tener nasjonen vår og kva alternativ som finnest. Me kjenner til at organisasjonen Nei til EU har utarbeidd ein «Alternativrapport» som peiker på ulike alternativ til eksisterande EØS-avtale og vonar den kan representera eit grunnlag for diskusjonen me meiner må koma.

Her vil me kort gje nokre kommentarar til delar av følgjande kapittel i Europautgreiinga: Delkapittel 6.4.6 (reservasjonsretten), kapittel 18 (Distrikts og regionalpolitikk), delkapitla 19.2 – 19.3 (Klima og miljø) og delkapitla 21.1-21.4 (Mat og landbruk, fisk).

**Reservasjonsretten:** I Europautgreiinga heiter det at ved bruk av reservasjonsretten vil «de konkrete virkningene av en eventuell reservasjon fra en av EFTA-statene i siste hånd bero på EU's vurdering.» Me reagerer på måten ein ordlegg seg på her. Ei norsk offentleg utgreiing bør ikkje på dette viset slå fast at EU har siste ordet ved eventuell usemje om innføring av eit EU-direktiv. Ifølgje proporsjonalitetsprinsippet som ligg i EØS-avtalen (artikkel 6) skal det vera ei jamnbyrdigheit mellom avtalepartane. Det er neppe i Noregs interesse at Europautgreiinga her legg føringar for at EU i praksis vil ha avgjerande mynde.

**Klima og miljø:** Me er sjølvsagt glade for at EU har sett miljø- og klimapolitikk på dagsorden og for at delar av dette området har blitt relevant i EØS samanheng. Skal ein finna løysingar på dei utfordringane me står ovanfor på dette feltet må ein samarbeida internasjonalt. Det er likevel med blanda kjensler me ser resultat av dei målsettingane som er sett. Trass i klare formuleringar om reduserte utslepp av klimagassar er viktige sektorar som vegtransport og landbruk halde utanfor klimakvotesystemet. Flytrafikken, - som i følgje ein rapport frå det europeiske miljøbyrået har auka med heile 90% frå 1990-2004, - vart først med inneverande år. Europautgreiinga kunne vore tydelegare på at dette er svært lite tilfredsstillande i klimasamanheng. Her bør EU absolutt ikkje vera noko inspirasjonskjelde (jf.s 571; Fleirtalet i utvalet sin karakteristikk av EU sin klimapolitikk). Etter vårt syn kan EU like gjerne ha vore ein forseinkande (og byråkratiserande) faktor.

Me har merka oss Dag Seierstads merknad s. 571, der det kjem fram korleis EU avgrensa nasjonal handlefridom på eit viktig område då systemet med kvotesystem på klimagassar skulle etablerast.

Me synest generelt at kapittelet om klima og miljø seier mykje om korleis EU påverkar politikken i Noreg. Ein får inntrykk av at Noreg ikkje hadde gjort så mykje med klimautfordringane utan påtrykk frå EU gjennom EØS-avtalen. I mindre grad vert det vist at Noreg faktisk påverkar EU, og verdssamfunnet generelt på desse områda, (jf. *Norsk miljøpolitikk og EU*, Elin Lerum Boasson.)

**Distrikts og regionalpolitikk:** Me vart overraska over kor tette band det er knytt mellom dei ulike regionane i Noreg og EU. At me hadde så mange regionar med kontor i Brussel var nytt for oss. Det same gjeld alle Interregprogramma me deltek i. Me meiner dette har vore underkommunisert i offentlegheita og dermed i liten grad vore oppe til ordskifte.

Sjølv om utgreiinga relativt detaljert synleggjer korleis regions- og distriktpolitikken vår vert influert av EU og at det å vera med i ymse fora kostar ein heil del, kjem det fram at fleirtalet bak Europautgreiinga ikkje oppfattar desse tilhøva som problematiske. Det vert riktig nok, når det gjeld regionskontora, nemnt at «spørsmålet har vært reist om de er et talerør for sin egen region eller om de er EU's talerør i regionene.» Utgreiinga slår likevel fast at det er viktig at me er tilstades i Brussel med fleire regionskontor, sjølv om det er vanskeleg å vurdere om dei på noko vis driv med verknadsfull lobbyverksemd. I våre auge er det her trong til å ropa eit høgt varsko på vegner demokratiet vårt.

**Mat og landbruk, fisk:** Det ser ut til at Europautgreiinga gjer eit nummer av å visa at kritikken som kom mot «veterinærdirektivet» (s.646 og 647) ikkje har slått til. Me viser til Dag Seierstad sin kommentar på dette (s.647 i rapporten). Importen av kjøtt, egg og levande dyr er heldigvis, pga sjølvjustis i næringa, framleis noko avgrensa. Likevel ligg me meir open for skadelege mikroorganismar og dyresjukdomar etter at det importvernet me hadde tidlegare falt. I desse dagar har det dukka opp ein farleg hundeparasitt ( *Linguatula Serrata*) (jf Nordlys 1/5 2012)etter import av laushundar frå Aust- og Sør-Europa. Bakgrunnen er eit EØS-direktiv frå 2003 som førte til svært forenkla reglar for dyreimport.

Med reglane om mattryggleik og veterinære tilhøve kom ein del forordningar som har svekka særnorske metodar for tilverknad av mat på gardsbruk og sæterbruk. Dei nye reglane stiller store krav til utforming av produksjonslokale og kva slags materiale benkar og reiskap til matproduksjon skal ha. Dette har øydelagt for til dømes tradisjonell framstilling av ein del kvite og brune ostar. Andre konsekvensar av direktiva er meir tungvinte forhold i samband med slakting.

I NOU2012-2 er det noko uklårt om i kva grad fisk i praksis vert omfatta av EØS-avtalen (til dømes nedst s. 529 og nedst første spalte s.645 ,noko motseiande utsegner.) Uansett viser historia at det er gjort ein del grep for å tilpassa norsk politikk med tanke på eit eventuelt EU-medlemskap. Til dømes vart *Råfiskloven* endra i 1992 slik at Fiskeridirektoratet istaden for salslaga skulle avgjera kven som skulle få retten til å vera fiskekjøpar. Dette vart, i våre auge, ei uheldig sentralisering av makt og mynde fordi det reduserte den einskilde fiskaren sitt høve til å påverka.

Reguleringa av eksport med fisk vart og oppheva, og *Sjøgrenseloven* vart endra slik at utanlandske fiskefarty kunne levera fisk fritt i Noreg. *Tilvirkerloven* som regulerte vidareomsetting av fisk vart oppheva.

Resultatet for distrikta har vorte mindre kontroll med både fiske og omsetting av fisk. Det same gjeld for fiskeoppdrett der me ser at utanlandske selskap er sterkt inne etter at omsynet til lokalt eigarskap vart teke ut av lova som regulerte dette ( *Akvaturloven* som i 2006 avløyste *Oppdrettsloven*.)

Frå **delkapittel 26.2.3** reagerer me på følgjande utsegn: «Videre har EØS-avtalen på flere områder medført mer ambisiøse regler enn hva man tidligere hadde, som for eksempel i spørsmålet om medvirkning, pasienters rettigheter, forbud mot diskriminering og miljøkonsekvensanalyser,» (s. 812.) Reglane er i mange tilfelle ambisiøse. I ein del samanhengar ser me dessverre at dei skaper eit tungvint byråkrati som i praksis gjer at den som har desse rettane ikkje maktar å følgje dei opp. Det er dessutan ikkje gitt at me må vera med i EØS for å utvikla reglar som er tenelege for nasjonen vår.

**Konklusjon:** Etter å ha jobba med Europautgreiinga og lese om korleis Noreg, etter vårt syn, i alt for stor grad tilpassar seg EU gjennom avtaleverk og på meir uformelt grunnlag, sitt me att med ei viss uro. Me meiner samanfiltringa med EU går på sjølvstendet laus og krev eit altfor stort byråkrati for å halda oversyn over alle forordningane frå Brussel. Demokratiet vårt har ikkje fungert slik det skulle, og folkets NEI i 1992 er ikkje respektert.

For oss som held til ute i distrikta er skilnaden mellom det norske samfunnet og meir sentrale delar av Europa heilt soleklar. Me kan aldri verta som «dei der nede». Det er heilt naudsynt for oss å utvikla ein sjølvstendig politikk tilpassa dei naturlega vilkåra me har som nasjon. Sjølv sagt skal me ikkje leva i eit isolat utan påverknad utanfrå, men me skal heller ikkje driva å svelgja unna EU-direktiv slik som no. Dei forordningane me skal ha her til lands må koma som resultat av demokratiske prosessar i ymse fora innanfor landegrensene. Det må ikkje vera slik at det som vert fremma frå det norske folkedjupet til ei kvar tid skal tilpassast EU sitt syn på saka.

Styret i Bømlo Senterparti

v/ Rigmor Bjerche

#### **Kjelder:**

**Dag Seierstad:** *EØS, en kritisk vurdering*, (De Facto 2012.)

**Elin Lerum Boasson:** *Norsk miljøpolitikk og EU. EØS-avtalen som inspirasjonskilde og maktmiddel*, (august 2011).

**Nei til EU;** *Nei til EUs høringsuttalelse til NOU 2012:2, (16/3-2012)*

**NOU2012:2**